



Haugland-laget fekk ein fantastisk start på jakta og har forlengst fylt kvota. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Årets hjortekvote er felt på fleire av valda i Uskedalen, får uskedalen.no opplyst. Det gjeld til dømes Haugland-valdet, der jegarane fekk ein ualminneleg god start ved å fella fem dyr første dagen. Hjortestamma har vorte svært stor også i Uskedalen.

På Haugland-valdet kom kvota opp i 15 dyr etter at formannskapet hadde auka ho med eitt etter klage på bakgrunn av store beiteskader.

Valdet Kjærland, Myklebust og Rød er også ferdig med jakta med unntak av ei kvote på tre dyr som Hans Reidar Kjærland har leigd bort til Åkrafjorden Jakt. Dette valdet hadde rett på 14 når ein også tar med Magne Huglens eine dyr.

- Det har vore fleire dyr enn på fleire år i vårt område, fortel Tormod Myklebust til uskedalen.no.

På Døssland-sida av elva har dei enno ikkje kome så langt med jakta fordi det har skorta på tid av ymse grunnar, opplyser Hallvard Døssland. Men alt tyder på at det er like mykje hjort der som andre stader i dalen. Dei har rett på 21 dyr, men førebels er det felt knapt 10.

Korleis jakta så langt har gått øverst i dalen og på Skorpo saknar vi så langt opplysningar om.

Av Ola Matti Mathisen